



Oppsummering frå revisjonen

Rekneskapen 2023 – Voss herad

Lovpålagt oppgåve

- Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2023. Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap.
- Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og omfattar mellom anna stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

Revisjonsmelding, rapport og nummerert brev

- Uavhengig melding frå revisor er for 2023 har ein konklusjon med atterhald. Det inneber at det er tilhøve i rekneskapen vi meiner er vesentleg feil og burde ha vore korrigert, vi tek følgjeleg atterhald om dette konkrete tilhøvet. Vår vurdering er at rekneskapen, sett bort frå dette tilhøvet, gir eit rettvisande bilete pr 31.12.23.
- Vi har utarbeidd ein rapport til kontrollutvalet som oppsummerar nokre av tilhøva som følgjer av vår revisjonsgjennomgang for rekneksapsåret 2023.
- Vi har også sendt eit nummerert brev til kontrollutvalet som omtalar atterhaldet i revisjonsmeldinga.

Generelt

- Fristen for å avlegge årsrekneskapen er 22. februar året etter rekneskapsåret medan årsmelding har frist 31. mars.
- Årsrekneskap og årsmelding vart avlagt av administrasjonen og oversendt til revisjonen hovudsakeleg innan lovpålagt frist.
- Vi har avslutta arbeidet og datert revisjonsmeldinga 15. april 2024.

Intern kontroll

- Internkontroll på økonomiområdet er eit sentralt område
- Vi vurderer internkontrollen som relativt god, men med moglegheit til forbetring.
- Vi oppmodar kommunen til vidareutvikle kontrollhandlingar som vert utført på ulike område og dokumentere desse, slik at risikoen for feil og misleg framferd blir lågast mogleg.
- Vi har gjennom vårt arbeid med rekneskapen 2023 ikkje avdekt misleg framferd.

Fokusområde i revisjonsarbeidet

- Inntekter
- Innkjøp (både innan drift og investering)
- Løn og pensjon
- Avstemmingsrutinar ulike område
- Periodiseringar og estimat
- Meirverdiavgiftskompensasjon
- Bundne fond
- Rekneskapsdokument, årsmelding og formelle tilhøve

Inntekter

- Rammetilskot og skatt utgjør hovuddelen av inntektene i kommunen. Tala her er avstemt mot oversiktar frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) utan avvik.
- Øvrige inntekter er kontrollert og avstemt mot underdokumentasjon og eller på stikkprøvebasis.
- Kontroll retta mot riktig periodisering av inntektene, med fokus på gjennomgang av siste del av 2023 og første del av 2024 avdekte ingen vesentlege avvik.

Inntekter fortset

- Atterhald i revisjonsmeldinga er relatert til inntektsføring knytt til ressurskrevjande helse- og omsorgstenester, som går fram i rekneskapen under «Overføringer og tilskudd fra andre» samt kortsiktige fordringar. Vi meiner desse rekneskapslinene er overvurdert med kr 9 161 000. Netto driftsresultat blir påverka med denne summen.
- Det er bokført kr 48 000 000.
- Søknadsbeløp for 2023 utgjer kr 38 839 000.
- Vi rår til å framover sjå på system, rutinar og intern kontroll når det gjeld oppfølging og dokumentering på området for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Innkjøp/kostnader

- Gjennomgang av innkjøp i heradet omfattar både driftsrelaterte kostnader samt investeringar.
- Når det gjeld investeringar har vi eit ekstra fokus retta mot skilje drift og investering, hovudsakeleg fordi det ikkje er lov å lånefinansiere drift.
- Det er etablert god intern kontroll på området, med arbeidsdeling ved godkjenning av faktura.
- Vi utfører analyser og kontrollerer ei rekke bilag gjennom heile året i samband med attestasjon på dei terminvise oppgåvene knytt til meirverdiavgiftskompensasjon. Eventuelle feil vi oppdagar blir kommunisert og blir korrigert løpande i året.
- Vi har ikkje avdekt vesentlege avvik knytt til innkjøp i Voss herad i rekneskapen for 2023.
- Vi kontrollerer også at periodiseringa av kostnader er riktig. Her gjennomgår vi både periodiseringane heradet sjølv har gjort, samt at vi kontrollerer ei rekke kostnader rundt årsskiftet. Vi har ikkje avdekt vesentlege avvik knytt til periodisering av innkjøp i Voss herad i rekneskapen for 2023.

Løn og pensjon

- Løn og pensjon utgjør ein stor del av kostnadane i rekneskapen. Vi utfører ulike kontrollar knytt til dette området.
- Vår gjennomgang har avdekt nokre svakheiter knytt til avstemming og dokumentasjon, særleg relatert til avstemming av løn mot rekneskap. Vi rår derfor til at dette blir eit fokusområde vidare.
- Vi har også testa eit utval reiserekningar utan vesentlege avvik.
- Vidare har vi utført analytiske kontrollar, der vi ser etter uvanlege utslag. Vi fant ingen indikasjonar på vesentlege avvik.
- Når det gjeld sjukelønsrefusjon er det framleis ein stor ryddejobb som må gjerast. Mange uteståande og gamle krav på sjuke- og fødselspengar.
 - Uteståande utgjør kr 13,1 mnok
 - Tapsavsetjing utgjør kr 2,2 mnok
 - Revisjonen vurderer tapsavsetjinga som noko låg.
- Vi har kontrollert avstemmingane knytt til pensjonskostnad og årets premieavvik, og bokførte tal knytt til pensjon er avstemt mot aktuarberekning.
- Vi har ikkje avdekt vesentlege feil i rekneskapen knytt til løn og pensjon, men rår til rydding og oppfølging av uteståande krav på sjuke- og fødselspengar.

Avstemming og dokumentasjon av balansen

- Det har vore ei positiv utvikling på området.
- Framleis noko varierende kvalitet på avstemmingane.
- Vi rår til å ha vidare fokus på sikre at det er god og tilstrekkeleg dokumentasjon på dei ulike postane og kontoane i balansen.
- Gode avstemmingsrutinar er viktig for å innfri krava i lov og forskrift. Men eit godt avstemt og ajourført rekneskap er også sentralt for å sikre god rapportering undervegs i året. Kvaliteten på rekneskapstala undervegs i året er avgjerande for kvaliteten på den økonomiske rapporteringa som blir gjort i løpet av året.

Periodiseringar, manuelle postar og estimat

- Vi utfører kontrollar knytt til riktig periodisering i rekneskapen, både knytt til inntekter og kostnader.
- Vi gjennomgår også manuelle postar og estimat, herunder avsetjingar, til dømes avsetjing for tap på krav.
- Vi har ikkje funne vesentlege avvik på dette området utover kommentarane vi har hatt tidlegare.

Meirverdiavgift og kompensasjon for mva

- Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon kan vere relativt komplisert for kommunar, med mange utfordrande problemstillingar.
- Vi har gjennomgått rutinar og analysert meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon i høve til aktuelle tenesteområde og prosjekt i rekneskapen.
- Vi har ikkje avdekket vesentlege feil med behov for korreksjonar i samband med gjennomgangen.
- Vår vurdering er at meirverdiavgift og kompensasjon for meirverdiavgift har fokus i organisasjonen og det er god intern kontroll på området.

Bundne fond

- Vi har gjennomgått bundne fond og føringar mot desse i 2023, herunder fond knytt til sjølvkost.
- Vi rår til at heradet fortset arbeidet med å vurdere bundne fond i rekneskapen, særleg der det ikkje er føringar dei siste år. Ved gjennomgangen bør ein vurdere aktualiteten til dei ulike fonda og sjå etter om midlar eventuelt må vurderast tilbakeført.
- Bunde investeringsfond har saldo på 58,7 mnok ved årsslutt (relatert til startlån).
 - Vi oppmodar til å vurdere om det kan vere føremålstenleg å nytte av dette fondet framfor å ta opp nye lån framover.

Rekneskapsdokument, årsmelding og formelle tilhøve

- Rekneskapsdokumentet er il hovudsak i tråd med krava i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.
- Nokre klassifiseringsfeil i balansen:
 - Andre kortsiktige fordringar er klassifisert som kundefordringar i rekneskapen, med unntak av ein konto. Andre kortsiktige fordringar burde ha vore spesifisert på eiga rekneskapsline og ikkje vore inkludert i kundefordringar. Kundefordringar utgjer 21,6 mnok pr 31.12.23.
 - Tilsvarande når det gjeld kortsiktig gjeld i balansen. Leverandørgjeld inngår i rekneskapslina for kortsiktig gjeld, denne burde vore spesifisert på eiga rekneskapsline. Leverandørgjeld pr 31.12.23 utgjer kr 89,7 mnok.
 - Periodiseringskontoen inneheld både fordrings- og gjeldspostar. Kontoen bør splittast ved årsslutt, slik at kortsiktige gjeldspostar kjem fram i balansen som gjeldspost medan kortsiktige fordringar blir vist som fordring i balansen pr 31.12.23
- Årsmeldinga er basert på same feilinformasjon som rekneskapen, jf atterhaldet i revisjonsmeldinga. Utanom om dette tilhøvet er årsmeldinga godt strukturert og inneheld lovpålagt informasjon.

Avsluttande kommentarar

- Voss herad har for 2023 levert eit relativt godt dokumentert og fullstendig rekneskap og konsolidert rekneskap i høve til oppstillingar og informasjon i notar etter krava i kommunelov og forskrift.
- Rekneskapen og årsmelding vart også hovudsakeleg levert rettidig etter lovkrav.
- Årsrekneskapen for Voss herad og den konsoliderte rekneskapen for 2023 inneheld etter vår vurdering ein vesentleg feil ved at inntektene i rekneskapen er omlag 9,2 mnok før høge, og netto driftsresultat er følgjeleg tilsvarande for høgt. Vi har teke atterhald i revisjonsmeldinga om dette tilhøvet. Utover dette meiner vi rekneskapen gir eit rettvisande bilete pr 31.12.23.
- Våre spørsmål undervegs i revisjonsprosessen har blitt raskt avklara og det har vore god dialog med administrasjonen undervegs i arbeidet.


Revisjonsmelding 2023

Konklusjon med atterhald



Nummerert brev nr 1

Relatert til atterhaldet i revisjonsmeldinga





Takk for merksemda!

